



Marianne B.Nesse og Åge Nilsen
Brørakastet 11
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6045 - 14/23797

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
23.10.2014

Avvising av klage på gebyr - gbnr 137/748 Alver

Administrativt vedtak

Lindås kommune har motteke klage på gebyr i bev frå tiltakshavar datert 15.10.2014.

Bakgrunn

Søknaden om oppføring av einebustad vart sendt inn som e-post den 13.08.2014. Søknaden vart send inn som eittrinnsøknad med 3 veker sakshandsamingsfrist og oppfyller krava til slik søknad. Klagen gjeld storleiken på gebyret som vart gjeve i vedtak datert 03.10.2014.

Klagar meiner at gebyret må reduserast, då sakshandsamingsfristen på 3 veker er overskriden.

Forskrift om gebyr

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 33-1 1.ledd at kommunen har heimel til å fastsetta gebyr for tenester/arbeid som ein utfører etter plan- og bygningslova. Fastsetjing av gebyrsatsar gjennom eit regulativ vert å sjå som ei forskrift etter forvaltningslova § 2 bokstav c. Gebyra er standardiserte og er knytte direkte opp mot ulike tenester.

Det følgjer av forvaltningslova § 28 1.ledd at enkeltvedtak kan pålagast. I forvaltningslova § 28 1. ledd bokstav a, jf. b er eit einskildvedtak ei avgjerd som vert treft under utøving av offentlig myndigheit og som gjeld rettar og plikter til ein eller fleire bestemte personar.

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyrforskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så fram det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjerde kva gebyr som skal illeggast i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjerningar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Sakshandsamingsfristar

er fastsett i plan- og bygningslova (pbl) § 21-7 og byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7

Pbl § 21-7, første og andre ledd:

§ 21-7. Tidsfrister med særskilte virkninger

Søknad om tillatelse til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2 som ikke medfører dispensasjon fra plan, skal avgjøres av kommunen innen 12 uker etter at fullstendig søknad foreligger, med mindre annet følger av andre eller tredje ledd. Ved overskridelse av fristen skal kommunen tilbakebetale byggesaksgebyr etter nærmere bestemmelser i forskrift, jf. § 21-8 tredje ledd.

Søknad om tillatelse til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2 der tiltaket er i samsvar med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov, der det ikke foreligger merknader fra naboer eller gjenboere, og ytterligere tillatelse, samtykke eller uttalelse fra annen myndighet ikke er nødvendig, skal avgjøres av kommunen innen 3 uker. Dersom kommunen ikke har avgjort søknaden innen fristens utløp, regnes tillatelse som gitt.

Byggesaksforskrifta:

§ 7-4. Gebyrbortfall ved kommunens fristoverskridelse

Ved overskridelse av tidsfristen i plan- og bygningsloven § 21-7 første ledd skal kommunen tilbakebetale tiltakshaver 25 % av det totale byggesaksgebyret for hver påbegynt uke tidsfristen overskrides. Bestemmelsen gjelder ikke dersom det er avtalt særskilte frister eller kommunen har forlenget fristen etter § 7-3. I slike tilfeller inntreir virkninger av fristoverskridelse fra det tidspunkt den avtalte eller forlengede frist overskrides.

Det går fram av lov og forskrift at gebyrreduksjon berre gjeld for saker etter 1. ledd, altså 12 vekers-saker. For slike saker må ikkje arbeidet settast i gang før løyvet er gjeve. For søknad som oppfyller krava til 3 veker handsamingstid (er komplett og i samsvar med regelverket), reknast løyve som gjeve når fristen er ute. Men fristoverskriding utløyser ikkje rett til reduksjon av gebyr for slike saker.

Vurdering

På bakgrunn av innsende søknad om løyve til tiltak med søknader om ansvarsrett vart det fastsett gebyr i samsvar med lokal forskrift om gebyr (gebyrforskrift for 2014 er vedlagt). På bakgrunn av dette kan ikkje Lindås kommune sjå at det har vore rettsleg eller faktisk tvil om kva gebyr som skulle fastsettast i saka. Lindås kommune kan heller ikkje sjå at det i saka er grunnlag for tilbakebetaling av gebyr etter plan- og bygningslova § 21-7. Betalingsplikta har ikkje oppstått som følge av ei individuell avgjerd, og det fastsatte gebyret i denne saka er ikkje å rekna som eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. fvl § 28 1.ledd.

VEDTAK

Klage på gebyr datert 15.10.2014 vert avvist med heimel i forvaltningslova (fvl) § 33 2.ledd, jf. fvl § 28 1.ledd.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Til orientering:

Med heimel i gebyrforskrifta punkt 4.12 er det høve til å søka om redusert gebyr når det ligg føre

særlege grunnar. Klage på gebyr eller søknad om fritak for å betala gebyr medfører ikkje rett til lengre betalingsfrist (gebyrforskrifta punkt 4.4). Dette til orientering.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gebyrforskrift Lindås 2014

Mottakarar:

Marianne B.Nesse og Åge Nilsen

Brørakastet 11

5911

ALVERSUND